



SAMARBEIDSKONSERT

med SOLISTAR, KOR og ORKESTER

PROSJEKTOMTALE

Bakgrunn:

Mest kvar haust dei siste 30 åra har Orkesteret Fossegrimen stått i brodden for framføringar av ulike prosjekt for kor og orkester, oratorier og messer og andre verk. Som regel har det vore i samarbeid med etablerte kor som har vore stammen i eit større prosjektkor med interesserte songarar frå heile regionen. Dei siste åra har vi i staden etablert vårt eige Fossegrimens prosjektkor med eit 50-tals songarar frå Voss og grannkommunane – som har vore sentrale i framføringane. Av verk som har stått på programmet dei seinare åra kan nemnast Händels *Messias*, oratoriet *Skapelsen* av Haydn, *Rekviem* av Cherubini og av Mozart, oratoriet *Paulus* av Mendelssohn og *Messa di Gloria* av Puccini.

Målsetjing:

Med desse tradisjonsrike samarbeidsprosjekta har vi gitt tilbod til interesserte songarar i regionen om å vera med i innstudering og framføringar av store og sentrale kor-orkesterverk i musikkitteraturen, gjerne saman med kjende songsolistar, og til publikum her å få oppleva desse eineståande verka. Men i år har vi i staden for eitt fullstendig verk vald å setja saman eit variert program med velklingane og vakre arier og korsatsar frå dei ulike oratoria og messene vi har framført tidlegare. Såleis vert det musikk av dei fleste av dei ovannemnde komponistane, og av nokon andre.

Repertoar:

Det vert arier og korsatsar frå oratoria *Messias* av Händel, *Skapelsen* av Haydn og *Paulus* av Mendelssohn. I tillegg framfører vi den vakre *Laudate Dominum* av Mozart og den kjende *Panis Angelicus* av Cesar Franck, alt til orkesterfylgje. Rein instrumentalmusikk vert det og med to satsar frå Georg Philipp Telemann sin bratsjkonsert.

Medverkande: Som songsolist har vi i år med oss **Mari Bryn** (sopran). Ho har mastergrad i musikkvitenskap ved Universitetet i Oslo og er utdanna som klassisk songar. Ho har eit allsidig og variert repertoar og meistrar ulike sjangrar. Alt i 2003 var ho solist med Fossegrimen første gongen, og seinast i desember 2015 hadde ho eit mindre solistinnslag i framføringa vår av ein sats frå *Skapelsen* av Haydn. For tida underviser ho ved Voss ungdomsskule og dirigerer blandakoret Bygdaklang.

Michelle Erika Grewal Sommerfelt frå Bergen er berre 10 år gamal, ho spelar bratsj og har orkesteret sin bratsjist Eugenio Menghel som lærar. Ho er alt komen svært langt som utøvar på dette instrumentet.

Fossegrimens prosjektkor 2016 vart sett saman tidleg i haust, og det tel vel 50 songarar frå Voss og grannkommunane. **Lars Ragnvaldsen** har som vanleg hatt ansvaret for korinnstuderinga, og det er også han som har valt ut dei ulike korsatsane til denne konserten.

Eleva frå Voss kulturskule også er med i orkesteret i eit par stykke.

Gjennomføring:

Prosjektperioden er 25.08.-04.12.16. Koret starta 25.08. og skal ha øvingar kvar veke i Voss kulturhus med Lars Ragnvaldsen som korinstruktør og Frode Vik som repetitør. Orkesteret byrjar innøvinga av sitt stoff 24.10. med øvingar kvar veke i Voss kulturhus i tillegg til ekstraøving her 06.11.. Fellesøvingar solistar, kor og orkester vert 21.11. og 28.11. i Nain, Voss. Framføringane vert i Dale kyrkje, Dalekvam, laurdag 03.12. og i Nain, Voss, 04.12.. Orkesteret sin faste dirigent Dagfinn Rohde leier framføringane.

Konsertane vil bli kunngjort god tid på førehand i lokalavisene ”Hordaland” og ”VaksdalPosten”, med plakatar, ”flyers” og på ulike andre måtar for å nå eit stort publikum.

Orkesteret Fossegrimen er arrangør av prosjektet og økonomisk ansvarleg for det.